



ÅRSMELDING FOR FRIIDRETTSGRUPPA 2012

Referat frå årsmøtet 5.3.2013 nedst i dette dokumentet



Innhald

Tillitsverv	3
Styret - 2012:	3
Utanfor styret:	3
Medlemstal.....	3
Administrasjon	4
Styret:	4
Utvala:	4
NCC-leikane 2012	4
Representasjon, 2012:.....	5
Sportsleg aktivitet.....	5
Barnegruppa, 6 til 10 år, friidrettsskulen:	6
Born/ungdom 11-14 år:.....	6
Jenter 15 år og eldre:	7
Gutar 15 år og eldre:	8
Junior og senior:	8
Kvinner og menn veteranar	9
Eigne arrangement	10
Faste treningar:	12
Friluftsløip/friidrettsløip:	12
Fungerande trenarar i 2012	13
Personar med formell trenarkompetanse.....	13
Dommarar/startarar:.....	13
Økonomi	14
Informasjon	14
Årsfest 2012:	14
Konklusjon frå sesongen 2012.....	15
Vedlegg 3: Handlingsplan for friidrettsgruppa, 2012	17

Tillitsverv

Styret - 2012:

Leiar	Marit Iren Reigstad (2012)
Nestleiar/sportsleg leiar	Helge Tysse (2012-13)
Kasserar	Børt Magne Trå (2012-13)
Skrivar	Åse Bergheim (2011-12)
Oppmann 6-10 år	Ann Chr. Reigstad (2011-12)
Oppmann 11-14 år	Herdis Helle (2011-12)
Oppmann junior/senior (15 år +)	Arne Reigstad (2012-13)
Styremedlem	Aina Mjøs (2011-12)
1. vararepresentant	Jørn Vad (2012)
2. vararepresentant	Bjarte Haugland (2012)
Valnemnd:	Øystein Borge, Karl Johan Reigstad, Ragnhild Balsvik

Utanfor styret:

Økonomiutval:	Børt Magne Trå (12-13), Helga Reigstad (12), Jørn Vad (12)
Arrangementsutval:	Karl Johan Reigstad (12), Sigbjørn Reigstad (12), Karoline Loftås (12)
Sportsleg utval:	Helge Tysse (12-13), Frank Loftås (12), Mats Elvik (12)
Rekrutteringsutval:	Herdis Helle (12), Frode Langhelle (12), Ann Kristin Borge (12)

Medlemstal

Pr. 31.12.2012 hadde **270** betalande medlemmar. (262 pr.1.1.2011).

Det vart i løpet av sesongen registrert 197 medlemmar med teljande resultat gjennom sesongen.

På fellestreningane om måndagen på Osterøy stadion er det om lag 100 utøvarar fordelt på alle aldersgrupper.

Administrasjon

Styret:

Styret har i driftsåret 2012 hatt 6 styremøte og handsama rundt 50 saker. Styret har utanom møta hatt hyppig kommunikasjon per e-post.

Typiske saker har vore: Økonomi og sponsorar, OIL som NECON-klubb, rekruttering, trening/samlingar, stemner/arrangement, samt klubbdrakter. Alle møta har blitt haldne i klubbhuset på Hatland.

Utvala:

I 2012 oppretta me egne utval for økonomi, rekruttering, arrangement og det sportslege. Målet var at kvart utval skulle bestå av eitt styremedlem, ein foreldrerepresentant, samt ein person til. Dette klarte me nesten. Hensiktene med å oppretta utvala var mellom anna:

- Å ha ei tett oppfølging av områda klubben satsar på.
- Å få ei meir hensiktsmessig fordeling av arbeidet i klubben.
- Å avlasta styret ved at utvala handsamar mindre saker på sine respektive område.

Dette har fungert greitt, men me ser at styret må gje utvala tydelegare instruksar om kva deira arbeidsoppgåver er. Utvala har handsama mellom anna sponsorkontraktar, utøvarkontraktar, planlegging og gjennomføring av mange arrangement, og planlegging av treningssamling på tvers av gruppene.

NCC-leikane 2012

Hovudansvarlege:

Arrangementssjef:	Bjarte Lohne
Stemmeleiar:	Karl Johan Reigstad
Sekretariat:	Vidar Simmenes Sigbjørn Reigstad (data/internettoppdater)
Innkvartering og mat:	Helga Reigstad og Åse Bergheim
Underhaldning:	Jostein Mjelde
Leiar kiosksal:	Sonja Loftås

Handlingsplan

15. februar 2012 hadde friidrettsgruppa klubbutviklingskveld som var leia av Tore Hordnes frå Hordaland friidrettskrets. Det var 35 deltakarar på møtet. Denne kvelden kom me saman fram til fire

satsingsområde for klubben: Økonomi, å halda på ungdommane, rekruttering, og leiarrekruttering. To av områda samsvarar med hovudsatsinga i strategiplanen til hovudlaget i OIL, som er å arbeide for å halde på og rekruttere born og unge. I etterkant av klubb utviklingskvelden laga styret ein handlingsplan for korleis med forslag til korleis me skulle arbeida for å utvikla oss på dei aktuelle områda. Denne planen er vedlagt.

Sidan vi har delt trenaransvaret i den yngste ungdomsgruppa, har det vore auka rekruttering blant 13-14-åringane. Andre tiltak vi sette i gong, som løpegruppe for jenter, var ikkje like vellukka. Dette vart difor avvikla etter nokre månader. Elles held den eldste gruppa fram med sosiale tiltak som den årlege Kamikaze-turen og treningsleir i utlandet.

Friddrettsgruppa starta i 2012 og med trening for mosjonistar kvar torsdag, etter at det kom tilbagemeldingar om at terskelen for å delta på måndagstreningane var for høg. Dette viste seg å vera ein suksess, og det har vore innom om lag 40 ulike personar.

I samband med leiarrekruttering har friddrettsgruppa no fire nye ungdommar i Ung:leder-programmet til friddrettsforbundet. Som del av dette har dei ansvar for motbakkelopet Bruvknipa Opp i 2013. Frå før har vi sju ungdommar som er Unge Leiarar. Desse har dei siste åra hatt ansvar for sommarleiren for born, som er modell for det nye konseptet, DNB Sommerleker, som startar i 2013. Sommarleiren har vore ei god inntektskjelde for klubben, noko vi håpar Bruvknipa Opp også blir.

I vinter var dessutan 2 utøvarar og 2 leiarar på aktivitetsleiar kurs for born. Planen er at desse på sikt skal ta meir trenarutdanning.

Dei aktive utøvarane og trenarane i Team ungdom har gjejjomført e-læringsmodulen til antidoping Norge.

Dei aktive over 15 år har utøvarsamtalar kvar sesong med sine respektive trenarar.

Representasjon, 2012:

- Helga Reigstad har også i 2012 vore sentralstyremedlem og leiar i Barne- og Ungdomsutvalget til NFIF.
- Kjetil Stokke representerte Osterøy på kretstinget i 2012, og har vore varastyremedlem i kretsstyret til Hordaland dette året.
- Helga Reigstad, Bjarte Lohne og Bjarte Vik har vore reiseleiarar for landslaget i forbindelse med turar i regi av landslaget.
- Karl Johan Reigstad har vore medlem i anleggsutvalet i kretsen.
- Bjarte Lohne har vore varamedlem i serie- og statistikkutvalet i kretsen.
- Geir Kleppe har vore vara for revisor i kretsen.
- Osterøy har i 2012/2013 fire nye deltakarar i friddrettsforbundet sitt Ung:leder-program. Dette er Elise Vikne, Aina Mjøs, Kristine Mjøs og Line Kåstad. Frå før har klubben sju Unge Ledarar.
- Bjarte Lohne og Karl Johan Reigstad var også representantar på kretstinget.

Sportsleg aktivitet

Barnegruppa, 6 til 10 år, friidrettsskulen:

Born fødd frå 2002/-03 til 2006.

I løpet av sesongen har det nok vore i overkant av 80 born innom friidrettsskulen. På treningane har det vore 35 – 45 born til ei kvar tid. Ved årsskifte var det følgjande fordeling på alder:

-06/1. kl.	11 born
-05/2. kl.	11 born
-04/3. kl.	8 born
-03/4. kl.	13 born

Etter skulestart i august gjekk om lag 10 born (-02) over i gruppa til Mats. I løpet av hausten har det vore jamt tilsig av førsteklassingar.

Friidrettsskulen har hatt trening ein gong i veka (måndagar), ute på friidrettsanlegget på Hatland frå april til oktober og inne i Osterøyhallen i vinterperioden. Treningane er gjennomført med god hjelp frå foreldregruppa som har vore med både som trenaransvarlege og medhjelparar i eit rulleringssystem som har fungert bra. Friidrettsskulen har hatt avslutningar før sumarferie og jul med stevne og utdeling av t-skjorte og medaljar.

Onsdagar har det vore eigen trening i Haus for dei yngste som bur der. Dei har vore 10 – 12 ungar på kvar trening. Geir Atle Mjelde og Frank Loftås er trenarar for desse. Dei har vore ei svært stabil og treningsvillig gruppe med mange talent. I vinterhalvåret er dei inne i gymsalen og trener spenst, styrke og litt hurtighet i form av diverse stafettar. Når våren kjem brukar dei tida ute på bana til trening meir målretta inn mot dei ulike friidrettsøvingane som lengde, kule, 60m og stafettar.

Det har vore stor deltaking på lokale stevner og heile 107 barn har delteke i stevner i løpet av sesongen.

Fødd år:	Deltakarar
2002	21 born
2003	29 born
2004	30 born
2005	15 born
2006	12 born
Sum	107 born

I februar 2012 var nokre av -02/-03 utøvarane med på Pingvinlekene i Leikvanghallen. Arrangementet passar godt for dei yngste og har god premiering.

I april 2012 deltok -02/-03 utøvarane på Fristafetten i Arna med heile 6 lag i klassen rekrutt mix.

Ann Christin Reigstad
Oppmann friidrettsskulen

Born/ungdom 11-14 år:

Gruppa har hatt faste treningar kvar måndag på friidrettsbana ved Hatland. I vintersesongen har denne treninga vore kombinert med innandørstrening i idrettshallen. Faste trenarar for gruppa er

Mats Elvik og Marit Iren Reigstad. I tillegg har Karl Johan Reigstad vore med på svært mange treningar.

Gruppa har i heile 2012 vore delt i to. Mats Elvik har hatt hovudansvar for femte- til sjuandeklassingane. Marit Iren Reigstad har hatt hovudansvar for åttande- og niandeklassingane, og dei 15-åringane som ikkje ønskjer å «rykke opp» til den eldste ungdomsgruppa. Det møter om lag 12 born på den yngste gruppa, og om lag 10 ungdommar på den eldste gruppa på kvar trening. I vintersesongen er det nokon fleire. Gruppa har vore delt på denne måten sidan hausten 2011 og me såg i 2012 ei markant auke i rekrutteringa av utøvarar i 13-og 14 årsalderen. Dette har betra både det sportslege og det sosiale miljøet i gruppa.

Dei eldste utøvarane i gruppa kunne med fordel hatt ein ekstra treningsdag til i veka. Dette har imidlertid vore vanskeleg å få til, blant anna fordi mange av utøvarane er med på fleire ulike idrettsaktivitetar. Dette har hovudlaget tatt tak i, og freista å starte med treningsksamlingar på tvers av idrettane hausten 2012. Friidrettsgruppa fekk i oppdrag å organisere den første samlinga, og rekrutteringsutvalet gjorde ein framifrå jobb med å planlegge den. Diverre kom det berre påmeldingar frå langrenns- og friidrettsgruppene og samlinga vart difor avlyst.

Eit sportsleg og sosialt høgdepunkt i 2012 var Barnas Holmenkollstafett der vi hadde med eit mix-lag (6 utøvarar, 11-16 år) som tok 3. plass i klassen sin. Kvelden vart avslutta med pizza på og sosialt samvær. Bussturen fram og tilbake var nok og ein viktig sosial arena for ungdommane.

I juli var ein del av utøvarane med på det flotte stemnet i Strandebarm, der dei hadde ei kjempesfin helg.

Vi har også vore med på nokre stafettar. Forutan mix-laget i Barnas Holmenkollstafett (banestafett) deltok vi med 3 lag (12 utøvarar) på KM på Fana stadion. På Fri-stafetten stilte vi med 4 lag: 2 mix-lag 11-17, eit J11-14-lag og eit G11-14-lag, til saman 32 utøvarar, der 26 trenar i denne gruppa.

På grunn av relativt mange nye fjes på den eldste gruppa, vart avslutning av treningsåret 2012 erstatta med «kick off» for treningsåret 2013. Denne gjekk føre seg i Leikvanghallen med ei felles sprintøkt, leia av Mats, før utøvarane fekk prøva seg på ulike tekniske øvingar. Forutan Mats var Karl Johan og Marit Iren med som trenarar. Etterpå var det pizza og brus i konferanserommet, før dei eldste (f.o.m. 8.kl.) reiste vidare til Bergen og spelte laserspel på Wasteland. Dette var svært kjekt for både ungdom og vaksen (Marit Iren).

Det har vore fleire flotte prestasjonar i 2012. Av desse vil vi først og fremst nemne Marianne Fedje Mjelde (f.2001) som støtte 9,39m i kule, noko som ga 1017 poeng etter Tyrvingtabellen. Ho vart og beste jente i Osterøyfriidretten med 4494 poeng (5 øvingar).

Andre gode representantar frå gruppa er Glenn André Aarbakke, Simon Nilssen, Sigrid Bru Reigstad og Arnstein Borge som alle var representantar for kretsen på NCC-leikane. Dei var med og bidrog til at Hordaland vann kretskampen. Dei beste enkeltresultata stod Glenn André for med sølv på 200m og bronse på 60m i G13-klassen.

Marit Iren Reigstad,
trenar

Jenter 15 år og eldre:

Sigrid Borge er nokså åleine på jentesida. Ho har til gjengjeld hatt ein aktiv og god sesong. I det første elitestemnet på Bislett slo ho heile Noregseliten og sette klubbrekord i spyd med 48,96 (1116 poeng). Dette var berre 4 cm under kravet til U20-VM. Ho vart suveren vinnar i spyd og fekk bronse i kule under UM på Askøy. Sigrid har og gode resultat i dei andre kastøvingane og i hopp, og vart nest største poengscarar for Osterøy i dameserien, nr 2 i Osterøy-friidretten for jenter og nr 2 for kvinner. Ho vart nr 7 på Norgesstatistikken i spyd. Det har i sesongen vorte ei bra jentegruppe på trening for 13 år og eldre. På KM var nokre av dei med og sikra gull på 1000m stafett for Osterøy i klasse 15-19 år. Vi håpar at desse held fram og gjer breidda større i klubben.

Gutar 15 år og eldre:

Osterøy har dei siste åra vore ein av dei beste guteklubbane på landsbasis i dei eldste klassane. Her er det mange som har prestert på eit høgt nivå. Sjølv om det ikkje vart pers på favorittdistansen, har Markus klart å følgja opp den fantastiske 2011-sesongen. Han klarte kravet og deltok i U20-VM i Barcelona. Han vann lengde og tresteg i UM og vart nr 2 i nordisk U20 på 400m hekk. Markus var med på laga som sette klubbrekord på 4x100m og 1000m stafett. Han vann Osterøy-friidrett og vart største poengscarar i serien.

Gutane har ei god treningsgruppe som påverkar kvarandre positivt. Markus Loftås, Sondre Loftås Kåstad og Vebjørn Borge hadde resultat med over 1000 poeng. Sondre klarte 2 bronsemedaljar under UM innandørs i Sandnes. I tillegg har særleg Kristian Hansen (UM-sølv i stav inne), Trygve Fedje Mjelde og Raymond Trohjell utmerka seg med gode resultat. Av dei yngste i gruppa har Sebastian Haugland (UM-bronse på 300m hekk) og Markus Markmanrud hatt fin utvikling. I kretsserien vart det 2. og 7. plass for våre to lag i elitedivisjonen.

Ungdomsgruppa har vore ivrige med dugnadsjobbing og hadde ein fin treningsleir på Kreta som belønning. Årets Kamikazetur gjekk m.a. til Sjøkrigsskolen.

Junior og senior:

Også 2012 har vore eit godt år for Osterøy IL. Hilde Aasheim har hatt ein lang og god sesong med nye personlege rekordar på alle løp frå 800m og oppover og var svært nær fleire av klubbrekordane. Ho fekk bronsemedalje på 5000m i NM Kristiansand. Under NM terrengløp i Strandebarm vann ho individuelt terreng-sølv og stafett-gull. Bronse i Nordisk meisterskap på 10000m var kanskje sesongens sterkaste prestasjon. På årsstatistikken i Norge vart ho nr 4 på 10.000m med 34.44,80 og nr 5 på 3000m og 5000m. Hilde var sentral på laget som vann klasse 1 i Holmenkollstafetten. Ho vann Osterøy-friidretten for kvinner og var største poengscarar i serien.

Sigrid Borge har markert seg med spydkasting på topp norsk nivå. Ho var i storform og hadde dei lengste kasta i NM-kvalifiseringa i Kristiansand, men var uheldig med sektoren og måtte sjå medaljekampen frå tribuna. Også Helga Reigstad deltok i NM, men nådde ikkje spydfinalen. Elise Vikne heldt fram med gode prestasjonar i motbakkelop. Brit-Helen Simmenes har sprunge mange gode gatelop. Damelaget kom på 7.plass i landsserien i 2.divisjon.

Blant mennene er det Markus Loftås og Martin Loftås Kåstad som står fram som dei beste utøvarane. Markus oppnådde ein flott 2.plass i nordisk juniormeisterskap på spesialdistansen 400m hekk. Han var og med på laget som sette norsk rekord U-20 på 4x400m. I NM fekk han bronse på 400m hekk og

vart nr 3 på Norgesstatistikken med 52,88. Markus vann Osterøy-friidretten og var største poengscorar i serien. Markus vart kåra til årets utøvar i klubben for andre året på rad.

Martin sette klubbrekord på 200m og 400m. Han fekk bronse på jr-NM og vart nr 4 i NM på 400m. Han var med på vinnarlaget til Norge på 4x400m i nordisk landskamp U23. Nr 10 på årets Norgesstatistikk på 400m.

Kjetil Stokke har hatt fin framgang og sette tidleg i sesongen klubbrekord i spyd med 52,70. Også Vebjørn Borge opna sesongen godt og sette klubbrekord på 600m i Ulvik. Diverre vart ikkje resten av sesongen like god for dei treningsvillige hausingane. Trygve Fedje Mjelde har dette året markert seg som ein sterk mellomdistanseløpar og nærmar seg toptider i klubben på 800m og 1500m. I Holmenkollstafetten sprang han ein sterk 2. etappe og gav pinnen som nr 4 i eliteklassen.

Under NM i stafettar på Jessheim fekk vi gull på 4 x 400m og under NM junior i Sigdal vart det sølv på 1000m stafett. Osterøy vann 1000m stafett menn senior på KM.

Herrelaget sprang godt og vart nr 16 i eliteklassen i Holmenkollstafetten. Som oppkjøring hadde vi deltatt på Fri-stafetten (nr 3 kvinner senior, nr 2 menn junior og nr 2 menn senior B), SKSK-stafetten (nr 3 menn senior) og Ask-stafetten (nr 3 kvinner senior, nr 2 menn junior og nr 5 menn senior B). På Ask hadde vi 3 etappevinnarar for menn.

Kretsserien for kvinner

1.divisjon nr 5 med 15.080 poeng (nr 7 i landsserien 2. divisjon)

3.divisjon nr 10 med 3.632 poeng

Største poengscorarar: Hilde Aasheim 3.926 poeng (5 øvingar) og Sigrid Borge 2.887 poeng (5 øvingar).

Kretsserien for menn

1.divisjon nr 3 med 18.014 poeng (nr 11 og nedrykk i landsserien)

2.divisjon nr 9 med 9.198 poeng

3.divisjon nr 18 med 4.402 poeng

Største poengscorarar: Markus Loftås 4.013 poeng (5 øvingar) og Martin Loftås Kåstad 3.870 poeng (5 øvingar).

Nye lagsrekordar senior 2012

Spyd kvinner 48,96m - Sigrid Borge (95) Bislett 24.5.

Spyd menn (ny type) 52,70 - Kjetil Stokke (91) Hatland 7.5.

200m menn 22,10 - Martin Loftås Kåstad (90) Lillehammer 22.6.

400m menn 48,50 - Martin Loftås Kåstad (90) Kristiansand 26.8.

600m menn 1.22,28 - Vebjørn Borge (94) Ulvik 28.5.

4x100m stafett 43,81 – Sondre Loftås Kåstad, Markus Loftås, Trygve Feidje Mjelde og Vebjørn Borge Jessheim 20.5.

1000 stafett 1.56,62 – Raymond Trohjell, Sondre Loftås Kåstad, Markus Loftås og Martin Loftås Kåstad Sigdal 29.7.

Arne Reigstad,
Oppmann

Kvinner og menn veteranar

Også i 2012 har Osterøy IL vist seg som ein av dei aller beste veteranklubbane i landet. To av våre beste har utmerka seg med medaljar internasjonalt; Johan Bergersen (f.46) fekk sølv på 800m under VM inne i Finland og Arne Mjelde (f.42) fekk bronse på 800m under EM i Tyskland.

Følgjande tok medaljar under NM inne (Leikvanghallen), bane (Stavanger) og terreng (Strandebarm):

Arne Mjelde (7 gull og 2 sølv)

Bente Rosvold Midtun (2 gull)

Bjarte Vik (1 gull og 1 sølv)

Eli Lunde Simmenes (3 gull)

Johan Bergersen (6 gull og 2 sølv)

Jørn Vad (1 gull og 1 sølv)

Magne Vikne (1 sølv og 1 bronse)

Randi Kleppe (1 gull og 2 sølv)

Vidar Simmenes (1 bronse)

Kretsserien for menn veteran

1.divisjon nr 1 med 15.261 poeng

2.divisjon nr 3 med 8.231 poeng

Kretsserien for kvinner veteran

1.divisjon nr 2 med 9.719 poeng

2.divisjon nr 2 med 3.542 poeng

Etter sju år med siger i kretsserien, måtte Osterøydamaene i 2012 sjå seg slått av med 31 poeng av IL Fri. Herrane var tilbake på vinnarsporet. Eli Simmenes (3077 poeng på 5 øvingar) og Arne Mjelde (5352 poeng på 7 øvingar) vart største poengscorarar.

Stafettar

Osterøy deltok i Fri-stafetten (nr 2 menn veteran), Ask-stafetten (nr 2 menn veteran og nr 4 menn superveteran) og Holmenkollstafetten (nr 7 kvinner veteran – som i 2011). Det vart for mange forfall til at herrane kunne stilla lag i Oslo, men fleire nye på trening på slutten av året gjev von om veteranlag for begge kjønn i 2013.

Mennene har teke sju og damene fem klubbaldersrekordar i 2012. Vinnarar av Osterøy-friidretten vart Arne Mjelde med 3971 poeng og Bente Rosvold Midtun med 3399 poeng.

Samandrag
av Arne Reigstad

Eigne arrangement

I 2012 prøvde me å etablere eit arrangementsutval. Dette fungerte vel berre delvis, men bør vidareførast og utviklast vidare. Innom utvalet har vore: Karl J. Reigstad, leiar, Sigbjørn Reigstad, Tormod Bruvik, Vidar Simmenes, Magne Vikne og Karoline Loftås.

Utanom det som kjem fram i årsmeldinga under hadde utvalet eit møte med Lonevåg Senterforening for å prøva å få til eit samarbeid om eit breitt anlagt løpsarrangement i og omkring handelssenteret. Arrangementet vart lagt på is til 2013. Elles er laget på ny tildelt forbundet si storsatsing på 13-14-

åringar, no kalla PEAB-lekene. Planlegging er i gang. Det same gjeld Bruviknipa Opp, der dei nye Ung:ledarane har hovudansvaret.

Hopp utan tilløp

- 4 seriestevne, Haus skule, Valestrand skule, Hauge skule og Osterøyhallen (rekruttstemne).
- Osterøymeisterskap, Osterøyhallen
- KM i Osterøyhallen med heller lita deltaking.

Banestemne

- NCC-lekene, 8.-9. september vart eit nytt vellukka arrangement. Både stemneavvikling, sosialt program, innlosjering og opplegg for leiarar gav svært positive tilbakemeldingar. Juryen sin stevnerapport var positiv, og rapport frå forbundsrepresentant den aller beste. Det økonomiske resultatet vart også denne gongen svært godt, takka vere godt forarbeid med å skaffa mat og sponsorar.
- KM veteran 22.-23.september vart arrangert i strålande ver, stort sett av Team ungdom. Nokre få glipp i fram møte utan varsel gjorde jobben vanskeleg for resten, men dei som møtte, gjorde sin eigen og delvis andre sin jobb på ein glimrande måte.
- 7 karusellstemne, 3 av dei reine løps-, hopp- eller kaststemne.
- 2 seriestemne på Haus Idrettsplass.
- 1 Thunestvedt skulestemne for 5.- 7.klasse.
- 1 rekrutteringsstemne for 1.-4.klasse.
- 1 rekrutteringsstemne for 6-12 år.

Terrengløp

OM i lysløypa på Rolland med heller lita deltaking.

Mosjonsløp

- Osterøybru-Løpet med 75 deltakarar (131 i 2011).
- Stemmeseggi opp/over med 25 deltakarar opp, på tid, og 41 over (97 i 2011).
- Ole Bull Løpet samkjørt med Valestrandsmarka Rundt med 70 deltakarar (77 i 2011).
- Bruviknipa opp med 79 deltakarar, 44 med tid (44 i prøveløpet i 2011).
- Bjarte Viks Eliteløp med rekorddeltaking: 52 deltakarar (45 i 2011)
- Brakvatnet Halvmaraton med rekorddeltaking: 109 deltakarar fordelt på tre startar; gåande, løpande med tid, men utan rundetider, og konkurranseklasse med rundetider (71 i 2011).
- Haustrimmen med 9 løp og deltaking om lag som før.
- Valestrandsmarka Rundt med 12 løp inkl. jule- og nyttårsløp, med deltaking om lag som før.

Testløp

- 4 løp på Reigstad, 600m og 1100m.
- 1 løp på Vikne (motbakke), 1200m.

Til saman vert dette 53 eigne arrangement i 2012 (53 i 2011). Ansvarlege for dei ulike arrangementa; dommarar, tidtakarar, startarar, andre funksjonærar og mange medhjelparar i ulike funksjonar har gjort ein framifrå og heilt nødvendig innsats. Det er likevel slik at me treng fleire dommarar og tidtakarar, gjerne også startarar, slik at det kan verte mindre belastning på dei enkelte. Det er også for få som stiller til arbeidet med rigging og førebuing på dei enkelte arrangement.

Det er starta eit nettbasert kretsdommarkurs med 10-12 deltakarar som håpar på "eksamen" i løpet av tidleg vår. 2-3 nye tidtakarar har vore innom tidtakarbua og fått kyndig rettleiing og opplæring av Sigbjørn Reigstad.

Takk til alle som gjorde sin innsats i 2012 og oppeheldt Osterøy sitt rykte som dyktig arrangør, og vel møtt til ny innsats og mange fine opplevingar på bane og i løype i 2013.

Karl J. Reigstad,
arr. ansvarleg

Faste treningar:

Måndag – Osterøyhallen / Osterøy stadion, Hatland

Alle klassar

Onsdag – Gymsal / Haus stadion

1-6. klasse heile året

7. kl. og eldre – vinterhalvåret okt./mars.

Torsdag – Brakvatnet / Hatland

Mosjonistar / alle

Fredag - Valestrand skule, gymsal

14 år og eldre i vinterhalvåret

Onsdag og laurdag - Leikvanghallen

15 år og eldre

Øvrige treningar har vore etter avtale.

Treningssamlingar:

- Kreta Påsken 2013 (15 år og eldre)
- St. Moritz
- Kamikazetur oktober 2012.
- Treningssamling med stevne i Strandebarm (juli)

Friluftsløp/fridrettsløp:

Fridrettsløpen sommaren 2012 vart igjen ei suksessfull veke med fridrett og mange andre aktiviteter. Løpen var frå måndag til fredag, 6.-10. august.

Det var 65 deltakarar på løpen, men vi hadde fleire påmeldte som ikkje fekk plass.

Ledarane på leiren var Karoline Loftås, Sigrid Borge, Vebjørn Borge, Emil Hosøy, Stig Andreas Langeland og Trygve Fedje Mjelde.

Kvar dag frå kl. 08.30-15.30 deltok borna på friidrett og andre aktivitetar som ballspel, leik, fjelltur og kanopadling. Deltakarane fekk eit varmt måltid kvar dag.

Erfaringane med leiren viste at opplegget fungerte godt. Alle leiarane hadde ei kjekk veke og samarbeidet var godt. Det virka som deltakarane hadde det gøy, og vi har fått gode tilbakemeldingar frå foreldra.

I år skal vi arrangere to friidrettsleirar; ein i veke 27 og ein i veke 33. Vi skal arrangere desse gjennom eit nytt konsept som heiter DNB idrettsleker. <http://www.friidrett.no/idrettsleker/Sider/Om-DNB-Idrettsleker.aspx>

For Ung:Ledarane,
Karoline Loftås.

Fungerande trenarar i 2012

Frode Langhelle, Bjarte Vik, Bjarte Lohne, Helga Reigstad, Arne Reigstad, Marit Iren Reigstad, Karl J. Reigstad, Ann Christin Reigstad, Sigbjørn Reigstad, Mats Eirik Elvik, Frank Loftås, Birte Evensen, Monica Vevle, Siw Jacobsen og Geir Atle Mjelde. Paavo Moilanen har i tillegg fungert som stavstrenar. I tillegg har mange foreldre stilt opp som hjelpetrenarar på innetreningane måndagar i hallen.

Personar med formell trenarkompetanse

Aktivitetsleiarkurs:

Magne Vikne, Norunn Vik Larsen, Åse Bergheim, Siri Kleppe, Elin Simmenes, Solveig S. Fotland, Elise Vikne, Kristine Mjøs, Ingrid Kleppe, Vebjørn Borge og Kjetil Stokke, Trygve Fedje Mjelde,

Trenar I:

Frode Langhelle, Mats Eirik Elvik, Inge J. Reigstad, Terje Simmenes (løp), Brit-Helen Simmenes (løp), Sigbjørn Reigstad (løp).

Trenar II:

Bjarte Vik (alle deler), Karl J. Reigstad (løp 1 og 2, kast), Bjarte Lohne (generell del + hopp), Helga Reigstad (generell del), Randi Kleppe (generell del), Arne Reigstad (Løp 1)

Dommarar/startarar:

Inge J. Reigstad (FD/KS, og med i kretsen sitt startarteam), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løtveit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt J. Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Torbjørn Simmenes (KDA), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Henning Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Ingvild Solvang (KDA), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Johan Bergersen (KD), Karoline Loftås (KDA)

Økonomi

Grappa gjekk diverre med eit underskot på om lag 21 000 kr i følgje regnskapen. Det må i denne samanheng nemnast NCC – lekene. det er uteståande 30 000 kr. Frå ein krets ettersom dei tre siste åra er det NCC leikane som genererer mest inntekter med eit overskot i år på kr 165.013,87. På sponsorsida har vi framleis ein god hovudsponsor. Det vart i 2011 inngått ein 3-årig avtale med Lerøy AS. Dette har bidrege til at det i 2012 kom inn 104.000 sponsorkroner.

Våre sponsorar har vore: Halvard Lerøy AS, Lonevåg beslagfabrikk AS (LOBAS), Magnus M. Thunestvedt AS, Helge Rød AS, Tre Tec AS, Vestlandshus Mjelde AS, Löplabbet Bergen, og Nr1 Fitness (Osterøy Treningssenter).

Elles på inntektssida vil vi nemna at sidan vi var NECON-klubb, og i tillegg kom på pallen i kåringa, fekk vi til saman kr. 45.000 i støtte og premie frå NECON.

På utgiftssida viser spesielt reisekostnadane og utgifter til deltaking på andre sine stemner at aktiviteten har vore stor i 2012. Styret har sidan 2011 hatt retningsliner på kor mykje den einkilde utøvar får dekkja, og dette har medført at vi har meir kontroll på utgiftene. I 2012 vart slike retningsliner innført for trenarane også.

Styret viser elles til rekneskap som eiga sak.

Informasjon

Grappa har ei svært god heimeside på www.osteroyil.no. Web-redaksjonen vår består av redaktør Vidar Simmenes og Eli Simmenes. På sida blir det hyppig oppdatert med bilete, resultat og info frå stemne og andre arrangement, og sida skapar interesse og god PR for gruppa sin aktivitet. Med fleire tips og innspel frå medlemmane kan websida bli endå betre, og redaktøren oppfordrar folk til å senda han bilete og reportasjar frå stort og smått.

Osterøy IL fekk i 2012 ny leverandør av heimeside. Overgangsfasen mellom gamal og ny heimeside gjorde at tilgangen på informasjon var mangelfull, og at gjesteboka var ute av drift i ein periode i slutten av året. Den nye sida fungerer no som den skal.

Arrangementsansvarlege har og i år og vore flink til å laga og hengja opp flotte plakatar i forbindelse med eigne arrangement. I tillegg har gruppa gjennom året fått mykje god reklame gjennom lokalavisene.

Årsfest 2012:

Årsfesten for dei eldste vart halde 17. februar 2013 i klubbhuset på Hatland. Bilete frå sesongen rulla på lerret, mens deltakarane sette til livs lekre tapasrettar og kaker som team ungdom stod for.

Det var premieutdeling for følgjande:

- Klubbrekordar: Kjetil Stokke, Martin Loftås Kåstad, Vebjørn Borge, Sigrid Borge, Trygve Fedje Mjelde, Sondre Loftås Kåstad, Raymond Trohjell og Markus Loftås.
- 1000 poeng-nål: Sigrid Borge, Vebjørn Borge, Sondre Loftås Kåstad og Markus Loftås, (Marianne Fedje Mjelde var ikkje tilstades)

- Største poengscorarar i serien: Sigrid Bru Reigstad (jenter, ikkje tilstades), Hilde Åsheim (kvinner), Markus Loftås (gutar), og Martin Loftås Kåstad (menn).
- Osterøyfriidretten: Marianne Fedje Mjelde (jenter, ikkje tilstades), Hilde Åsheim (kvinner), Markus Loftås (gutar), og Martin Loftås Kåstad (menn).
- Årets utøvar, 2012: Markus Loftås

Bjarte Vik mottok bryllaupsgåve frå friidrettsgruppa på vegne av seg sjølv og kona Eli Simmenes.

Bjarte Lohne mottok flott bilete av team ungdom, på vegne av Treningscenteret, for sponsorstøtte i 2012.

Kvelden vart avslutta med ein artig quiz laga av Kjetil Stokke. Det var nokon av ungdommane som gjekk av med sigeren.

Alt i alt ein kjekk kveld med ei god blanding av uformelt sosialt samvær og høgtideleg heidring av gode friidrettsprestasjonar.

Marit Iren Reigstad
Leiar

Årsfest for dei yngste:
Sjå Born/ungdom 11-14 år.

Konklusjon frå sesongen 2012

Friidrettsgruppa har hatt nok eit innhaldsrikt år. Osterøy IL fekk vere ein av 10 NECON-klubbar i 2012, noko som har gjort at vi har hatt mykje større fokus på klubbutvikling enn tidligare. Gruppa valde fire satsingsområde som vi har jobba godt med: Økonomi, å halde på ungdommane, rekruttere nye utøvarar og leiarrekruttering. Det gode arbeidet resulterte i at OIL kom på pallen i kåringa, eit administrativt høgdepunkt i 2012.

Sportslege høgdepunkt har det vore svært mange av i 2012. Mange av desse har utøvarane i Team Ungdom stått for, med Markus Loftås, Sigrid Borge, Hilde Åsheim og Martin Kåstad i spissen. Følgjande var nokon av dei aller største prestasjonane i 2012:

- Klubbrekorden til Sigrid i spyd: 48,96, berre 4 cm i frå U20 VM-kravet.
- Markus Loftås si deltaking i U20 VM i Barcelona, der han gjorde eit godt individuelt løp og var med på å setja norsk juniorrekord på 4x400m.
- Hilde Åsheim sin bronse i Nordisk meisterskap på 10000m.

Det vart sett sju lagsrekordar i 2012, og fem utøvarar har oppnådd meir enn 1000 poeng i ei eller fleire øvingar. Elles har medaljefangsten vore brukbar, både i kretsmeisterskap, UM, diverse NM og nokre nordiske konkurransar. I tillegg til Team Ungdom, har veteranane stått for mange av medaljane.

Blant dei yngre utøvarane våre har det også vore stor aktivitet og mange er med på trening, stevner og ikkje minst stafettar. På FRI-stafetten var det med 32 løparar i gute- og jenteklassane (11-17 år), 24 rekruttar, samt 21 vaksne. Fem av laga hamna på pallen. I Holmenkollstafetten stilte klubben med 3 lag. Kvinner senior vann gruppa si og rykka dermed opp att i eliteklassen.

Breiddesatsinga i friidrettsgruppa har fått eit oppsving med faste treningar for mosjonistar kvar torsdag på Brakvatne eller Hatland. Treningane har hatt god oppslutning, og fleire av dei som er innom har vore med på Holmenkollstafett og Brakvatnet halvmaraton.

På arrangementsida har det vore stor aktivitet med friidrettsleir, mosjonsløp og stevner. Friidrettsleiren får mykje skryt og vert gjennomført av våre unge leiarar som gjer ein fabelaktig jobb. NCC-leikane vart nok ein gong gjennomført på ein framifrå måte, og tilbakemeldingane har vore svært gode. Her er me prisgitt alle dei som bidreg med å fylle dei mange oppgåvene, både store og små, som skal utførast i eit slikt arrangement.

Økonomisk har det vore nok eit godt år. Økonomiutvalet har jobba godt på sponsorsida, og heile gruppa har gjort ein stor og god jobb med dugnadsarbeid og klubb utvikling. Spesielt NCC-leikane og friidrettsleiren er dugnadsarbeid som gir store inntekter. Som NECON-klubb fekk vi støtte for å vere blant dei ti utvalde klubbane, og pengepremie for å komma på pallen.

Det aukande aktivitets- og prestasjonsnivået i friidrettsgruppa gjer at også utgiftene aukar. Å skulle oppretthalde dette nivået framover vert ei stor utfordring. Klubben får arrangera PEAB-leikane (tilsvarande NCC) i 2013, noko som gjev oss økonomisk tryggleik eit år til. Det året klubben mister dette arrangementet, vil vi med dagens kostnadsnivå gå med eit kraftig underskot. Derfor blir det stadig viktigare å utvikla alternative inntektsbringande tiltak og arrangementet i åra som kjem.

Sjølv om det er mange engasjerte personer i friidrettsgruppa som gjer ein framifrå innsats med å drive og utvikle gruppa, er vi avhengige av å rekruttera nye personar både på trenarsida og i organisasjonen elles. I vinter har fire medlemmar tatt aktivitetsleiarkurs, og vi har fire nye ungdommar i Ung:leder-programmet. Dette lovar godt for framtida.

Styret vil takka alle som har gjort ein innsats for gruppa i året som har gått og ynskja dykk lukke til med neste sesong!

Valestrand, 28. februar 2013

Marit Iren Reigstad
Leiar

Vedlegg 3: Handlingsplan for friidrettsgruppa, 2012

Målsetjingar for 2012 og åra framover

- Økonomi:
 - Arbeide med å betre klubbens framtidige økonomi
- Halda på ungdommane i klubben:
 - Halda fram oppfølging av og satsing på talenta.
 - Følgje opp alle utøvarar på deira nivå, fokus på eigenutvikling.
- Rekruttering:
 - Auke rekrutteringa av unge, hovudsakleg born på mellomtrinnet i skulen (4.-7. klasse).
 - Auke rekrutteringa av vaksne, hovudsakleg mosjonistar som ikkje allereie er knytt til klubben.
 - Opprette gode mottaksrutiner
- Leiarrekruttering:
 - Få inn fleire kompetente folk i klubben, både i styre og stell, og som trenarar.

Tiltak

- Økonomi:
 - Opprette eit økonomiutval
 - Oppretthalde gode sponsoravtalar
 - Skaffe nye sponsoravtalar
 - Auke satsinga på eit eller to større mosjonsløp/-arrangement
 - Dugnad
- Halde på ungdommane, Ung:Leder-gruppa har valt desse fire satsingspunkta:
 1. Fleire kvinnelege trenarar og kvalifiserte trenarar.
 2. Variasjon i treningane
 3. Kreative tiltak: Treningsleir/ treningssamlingar/sosialt
 4. Treningar på tvers av idrettane.
- Rekruttering:
 - Opprette rekrutteringsutval
 - Trening for mosjonistar i alle aldre og uansett form minst ein gong pr veke.
 - Jentetrening ein dag i veka for ungdomsskuleelevar
 - «Ta med ein venn»-trening
 - Gode mottaksrutiner: Registrering av utøvar, kontaktinformasjon og anna informasjon til føresette.
 - Arrangera lagkonkurranse for skulane
 - Talentspeiding på skuleidrettsdagar, Tine-stafetten og i andre idrettar.

- Leiarrekruttering:
 - Ungdomsrepresentant i styret.
 - Halde fram med UngLeder-utdanning og –tiltak
 - Foreldrekveld. Sosialt tiltak.
 - Foreldrerepresentant inn i alle nye utval (økonomi, rekruttering, sportsleg og arrangement).

•

● REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I FRIIDRETTSGRUPPA 5.MARS I KLUBBHUSET PÅ HATLAND.

- Desse møtte: Marit Iren Reigstad, Åse Bergheim, Herdis Helle, Arne Reigstad, Sigbjørn Reigstad, Kjell Bergersen, Bjarte Lohne, Per Inge Lillejord og Karoline Loftås.
-
- **Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste.**
- Vedtak: Godkjent.
- **Sak 2: Godkjenning av møtedeltakarane sin stemmerett:**
- Vedtak: Godkjent
- **Sak 3: Val av ordstyrar**
- Bjarte Lohne
- **Sak 4: Val av referent:**
- Åse Bergheim
- **Skriva under møteprotokoll:**
- Arne Reigstad og Sigbjørn Reigstad.
- **Sak 5: Godkjenning av årsmelding.**
- Vedtak: Godkjent med dei endringane som er gjort.
- **Sak 6: Rekneskap 2012 – budsjett 2013.**
- Rekneskapen slik den ligg føre pr. i dag på årsmøte viser eit underskot på om lag 21 000 kr. Det er ein del uteståande fordringar bl.a. 30 000 kr. om er uteståande frå Agder etter NCC-leker sept. 2012 vert inntektsført for regnskapsåret 2012, mens dei andre fordringane kjem inn på regnskapsåret 2013. Med dei endringane som er gjort, vert det eit overskot på om lag 8000 kr.
- Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen.
- Budsjett 2013: Budsjettet er godkjent med dei endringar som er gjort. Post 3400 vert auka på inntektssida med 34 000 kr. (momskomp.) og post 3403 Tilskot frå NIF/NOK med kr. 30 0000 i forhold til 25 000 kr.
- **Sak 7: Auke av treningsavgift.**
- Det er forslag på å auka treningsavgifta for 13 år og eldre til kr 500 og fakturerer dei mosjonistar som nyttar seg av treningstilbodet og som deltek på HK stafetten.
- 12 år og yngre vert endra frå kr. 200 til kr. 250.
- Utøvarar som begynner etter 01.august vert det fakturert ½ treningsavgift.

- **Sak 8: Val av nytt styre 2013.**
- **Leiar:** Marit Iren Reigstad (2013)
- **Nestleiar:** Helge Tysse (2012/2013)
- **Kasserar:** Børt Magne Traa (2012/2013 ny)
- **Skrivar:** Herdis Helle (2013/2014 ny)
- **Oppmann gutar/jenter 6-10 år:** Per Inge Lillejord (2013/2014 ny)
- **Oppmann gutar/jenter 11-14 år:** Frank Loftås (2013/2014 ny)
- **Oppmann junior/senior:** Arne Reigstad (2012/2013)
- **Styremedlem/ungd.repr.:** Karoline Loftås (2013/2014 ny)
- **1.vararepresentant:** Åse Bergheim (2013 ny)
- **2.vararepresentant:** Elin Kaastad (2013 ny)
-
- **Sak 9: Valnemnd 2014**
- Karl Johan Reigstad, Ragnhild Balsvik og Vebjørn Borge.
- Leiar i komiteen: Karl Johan Reigstad
-
-
-
- Åse Bergheim
- Referent
-